



Stafettlogg

Når det er behov for ein felles plan.

Me ønsker å opprette ein **stafettlogg** (felles plan med mål og tiltak) for ditt barn. Dette er for å sikre best mogleg oppfølging og samarbeid mellom dei som jobbar saman rundt barnet.

Stafettloggen er eit verktøy i BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats), og blir brukt når vi ser at eit barn har utfordringar som krev tiltak og oppfølging over tid. Loggen gir oversikt over mål, tiltak, kven som har ansvar og tidspunkt for evaluering. Stafettlogg kan også bli brukt til å skrive referat frå møte.

Osterøy kommune nyttar Visma Samspill som digital løysing for stafettlogg. Dette er ei sikker løysing, og foreldre/forelder styrar kven som skal ha tilgang til barnet sin stafettlogg.

Målet er å sikre god samhandling mellom foreldre/forelder, oss i barnehagen/skulen, og eventuelt andre fagpersonar som møter barnet/familien.

Kva inneber stafettloggen?

- De som foreldre blir involvert og får tilgang til loggen.
- Vi samarbeider tett med dykk og eventuelle andre instansar.
- Vi dokumenterer tiltak og ansvar på ein strukturert og trygg måte.

Før vi set i gang stafettloggen, ønskjer vi å ha ein samtale med deg/dykk for å forklare meir om kva dette inneber, og for å få samtykke.

Vi håpar dette kan bidra til eit godt samarbeid og ei trygg oppfølging for barnet.

Meir informasjon om BTI og stafettlogg finn du på denne nettsida: [Osteroy.betreinnsats.no](https://osteroy.betreinnsats.no) eller ved å scanne QR-koden.

